

Vil fjerne steingard

■ **ASKVOLL:** Noralf Høydal har søkt Askvoll kommune om løyve til å fjerne om lag 70 meter steingard på eigedommen sin ved Skjerli i Kvammen. Målet med fjerninga er at det blir enklare med vârabaid og innhausting, fordi steingarden i dag deler ein teig i to. Steingarden er i følgje søkjar i dårleg stand, og det ramlar jamleg ut stein frå garden, i tillegg til at den sig fleire stader.

513 **HJORT FELTE I ASKVOLL KOMMUNE:** Det vart i 2008 felt 513 hjortar i Askvoll. Av desse var 249 hanndyr og 264 hodyr. Det vart felt 107 kalvar, 161 dyr var mellom eit og eit halvt år og to og eit halvt år, medan 245 dyr var 2 og eit halvt år eller eldre.

Vil bruke snøskuter

■ **FØRDE:** Førde IL Holsen søkjer om løyve til å bruke snøskuter og spormaskin til oppkøyning av løyper i samband med skidag på Rørvikfjellet når vëret tillet det i perioden 20. februar til 15. april. Bruken vert avgrensa til to dagar. Det skal lagast ei løype for born i nærleiken av veggen og eit lokalt skirenn, men også ein fellestur til ein av fjelltoppane i området.

Gudmor Ingrid smelte til

■ Ny fôringsflåte og håp om utviding i Kyravika

FJALER: Ny fôringsflåte med tre gonger så stor lastekapasitet som den gamle, gjer Marine Harvest i stand til å utvide oppdrettsanlegget i Kyravika.

leinga i Marine Harvest som tilskodarar. Flaska knuste på første forsøk, og Nogva tek det som eit godt teikn for framtida.

- Flåta er ein stor investering på nesten 11 millionar kroner, men eg føler at det er rett å satse her i Fjaler. Det er ein god lokalitet og vi har utruleg gode folk som har vist resultat over lang tid, seier Nogva, som er glad laksenæringa ikkje opplever same stagnasjon som torskenæringa.

- Desember var vår beste månad nokosinne. Vi får selt fisken til god pris, og får dessutan hjelp av at Euroen er sterk for tida, konstaterer Nogva.

Sjå årsverk

Den nye fôringsflåta er levert av austevollfirmaet Ocea, men er produsert i Estland. Den har ein lastekapasitet på 400 tonn, mot den gamle på 100 tonn. Den har fire utfôringslinjer, medan den gamle hadde to. I dag er der 900 000 laks, som skal slaktaast neste år.

Seks personar har full jobb på Kyravika, i tillegg til ein halv stilling og ein del sommarvikarar, slik at selskapet reknar sju årsverk på anlegget.

Gullklokke

Etter dåpen og omvising på flåta,



FØRSTE FORSØK: Ingrid Døskeland i Fjaler næringsutvikling greidde å knuse flaska på første forsøk. I bakgrunnen er regiondirektør Per-Roar Gjerd, produksjonssjef Asgeir Hasund, ordførar Arve Helle, Norodd Lammetun, Edvin Espedal og Geir Lammetun. Alle foto: Asgeir Nogva

drog følgjet til feiring på Lillingstonheimen, der dei gav Geir Lammetun gullklokke for 25 års innsats på anlegget. Også Edvin

Espedal vart heidra for innsats i 20 år.

- Lammetun er kanskje den mest erfarne driftsleiaren på

Vestlandet, seier Nogva, som er glad bedrifta kan vise til gode tal både når det gjeld rømming, lus og sjukdom.

- I Norge har vi ein heilt annan samarbeidssituasjon med konkurrentar og styresmakter enn til dømes i Chile. Vi driftar og legg anlegg brakke synkront, og samarbeidar om avlusing og vaksinasjon. Det er om å gjere å bruke medisinar så sjeldan som mogleg, for å hindre resistens.

HILDE GENBERG lekst

KYRAVIKA

- Oppdrettsanlegg sidan 1986.
- Marine Harvest Norway har vore eigarar sidan fusjonen med Pan Fish i 2007.
- Godkjend for 3120 tonn biomasse, men eigarane ønskjer å utvide.

- Den nye fôringsflåta har alt å seie for oss. Før er 60 prosent av kostnaden vår, og no fôrar vi fisken meir optimalt. Flåta er så stor at den er framtidretta, dersom vi skulle få utvide, seier områdeleiar Asgeir Nogva i Marine Harvest.

Gode lakseprisar

Torsdag smelte Ingrid Døskeland frå Fjaler næringsutvikling champagneflaska i den nye fôringsflåta, med mellom andre ordførar Arve Helle og region-



GJØA: Den nye fôringsflåta «Gjøa» har fire utfôringslinjer og ein lastekapasitet på 400 tonn, mot den gamle på 100 tonn.



LANG TENESTE: Produksjonssjef Asgeir Hasund heidra driftsleiar Geir Lammetun med gullur for innsats i 25 år. Edvin Jarle Espedal fekk utmerking 20 år.

CO₂ vinnaren

ForumBil

tf. 57 72 41 00 - www.forumbil.no